



VENSTRE



Med optimisme  
for Stord.

Stord Venstre 2019



**” Vår ambisjon for det neste tiåret er å gjere Stord til ein av landets beste kommunar på skule, barnehage og oppveksttilbod til born og unge.**

## 1. Geir Angeltveit Ordførarkandidat og Prosjektutviklar Stord Folkehøgskule

**Venstre vil skapa ein kommune som legg til rette for den enkelte, samstundes som me skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Me trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og optimisme for å skapa ein god kommune.**

Stord Venstre sine 21 kandidatar på lista til kommunevalet er no klare til å gjere Stord til ein betre kommune å leva det gode liv i. Ein kommune som går eit nytt tiår i møte med mål, optimisme

og ansvar. Me ønskjer å utvikla Stord til ein enda betre kommune å veksa opp i, legga til rette for meir nyskaping og varierte arbeidsplassar og livsglede gjennom eit godt sosialt lokalmiljø.

### Den beste starten:

- ✓ Tilbodet til born og unge skal styrkast, ikkje reduserast.
- ✓ Redusera maksstørrelsen på skuleklassane til 25, og arbeida for å redusera ned til 22.
- ✓ Gjeninnføra søskenmoderasjon i

- SFO, og redusera prisen.
- ✓ Ivaretaka god pedagogettleik og ein god barnehagestruktur for familiane.
- ✓ Bidra til å rehabilitera leikeplassar i heile kommunen.
- ✓ Kommunen skal ta inn lærlingar, og ha lærlingar som krav i dei kontraktar ein kan.
- ✓ 100 nye plassar i Kulturskulen.
- ✓ Alle born og unge skal ha rett til ein organisert fritidsaktivitet gjennom aktivitetskort.
- ✓ Nye barnehagar etablerast som friluftsbarnehagar.
- ✓ Utvida opningstida ved fritidsklubbane, og etablira ein ny klubb i Leirvik-Nordbygdo-aksen.
- ✓ Etablira ein Folkeverkstad, etter modell frå BUA, med gratis utleie av verktøy og utstyr i tillegg til tilgjengeleg verkstadområde.
- ✓ Sikra drift av skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom.

Les heile vårt program og meir på: [Stord.Venstre.no](http://Stord.Venstre.no)

## 2. Camilla Elen Berg Larsen

Helsesjukepleiar og lærar

## 3. Kristin Steinsland

Elkraftingeniør og ungdomskandidat

**“ Ansvar for miljøet og ei framtid for borna våre**

### Lokalmiljøet er vårt ansvar.

**Kommunen skal vere ein ambassadør for det grøne skiftet i eigen organisasjon og i lokal-samfunnet. Det er ikkje Brüssel, Oslo eller Bergen som avgjer forureining på Stord, det er oss. Venstre prioriterar ansvarleg miljøpolitikk både i og utanfor kommunestyret.**

### Ansvar for vår felles framtid:

- Kommunen skal nytta si innkjøpsmakt til å velja berekraftige varer og tenester.
- Miljøvenleg transport som buss, sykkel osb. skal vere eit reelt alternativ.

- Kommunen skal ha ambisiøse mål på klima og miljø, som skal følgjast. Med ein handlingsplan og eit klimarekneskap som visar korleis me når våre utsleppsmål.
- Redusera energiforbruket i kommunale bygg og byggeprosjekt, og nytta fornybar energi i nye prosjekt.
- Målretta arbeid mot plastforureining lokalt, nye kunstgrasbanar skal vere utan forureinande plastgranulat.
- Skåna naturen i Stordafjellet for meir vindkraft, støtta industrien i satsinga på havvind og ny grøn teknologi.
- Ikkje legga E39 gjennom Landåsen.
- Redusert vegetasjon på Hystadøyane for friluftsliv og hekkande sjøfugl.

**“ Eg vil ha eit grønt næringsliv og ein optimistisk heimkommune**

### Venstre vil at unge skal sjå ei verdifull framtid på Stord.

**Næringslivet skal ha gode vekstvilkår, alle entreprenørar skal bli møtt med entusiasme og Stord-samfunnet skal vere inkluderande og motiverande for alle som vel å busette og etablira seg her.**

### Ein framtidsoptimistisk kommune:

- Alle som vel å busetta seg på Stord skal aktivt bli informert om, og invitert med i det mangfoldige organisasjonslivet.
- Alle gründerar som ønskjer å starta nye verksemder skal få tilbod om rådføring.
- Me skal vere optimistar til nyeable-
- ringar og oppmora folk om å ha tru på ideane sine.
- Utarbeida ein næringsplan for å styrka kommunens attraktivitet for nye arbeidsplassar og etableringar.
- Aktivt støtta opp om arrangement i Stord-samfunnet for at desse skal bli bra.
- Studentar som bur her skal bli aktivt inkludert i lokalsamfunnet.
- Jobba for at fleire engasjerar seg i frivillig arbeid.
- Alle innbyggjarar skal få fibertilgang
- Arbeida for å utvikla skeisebanen til ishall.
- Organisera kollektivtilbodet med betre og meir påliteleg avgongar og korrespondanse, og reduserte utslepp.

## 4. Kåre Løkhammer Nypensjonert ingenør Leirvik A/S



**”Ein kommune å ver stolt av å overlata til barnebarna våre.**

**Stord skal vere byen for god livskvalitet og fantastisk fritid. Våre tilsette skal få utøve omsorg fullt ut. Det skal vere eit mangfold av aktivitetstilbod. Venstre vil vera aktiv støttespelar til entusiastar som vil skapa ein fritidsaktivitet for seg sjølv og andre.**

### Trivsel i kvardagen:

- ✓ Fagdagar skal inkluderast i turnus for å auka kunnskap og kompetanse innan omsorg og rehabilitering.
- ✓ Etablera ein vikarpool for sjukepleiarar i kommunen, og ta i bruk fleire

- ✓ av sjukeheimsplassane.
- ✓ Redusera andelen ufrivillig del-tidsarbeid og arbeida målretta for føreseielege arbeidsforhold.
- ✓ Satsa på Frivilligentralen og folkehelsekoordinator som ei kjelde til fritidstilbod, livsglede og engasjement i kommunen.
- ✓ Alle skal ha tilgang på eit mangfold av tilbod uavhengig av økonomi
- ✓ Få plass rundløypa rundt Storavatnet og satse på friluftsliv.-
- ✓ Ivarete 100-meters skogar og naturlege skiljer mellom gammal og ny busetnad.
- ✓ Venstre vil prioritera dyrevelferd.



**Geir-Kjell Andersland**  
2. kandidat

**”Nytt fylke med ny giv**

**”Gratis og reint kollektivtilbod til alle born**

**Menneskeskapte klimaendringar med tap av natur og arts-mangfold er vår tids største utfordring. Miljøpolitikken skal vere førande for alle andre politikkområde.**

### Vestland Venstre vil:

- ✓ Satsa på grøne marine og maritime næringar, miljøkrav for å gje rom for grøn teknologi i industrien.
- ✓ Sikre at skulestrukturen i Vestland fylke framleis er desentralisert og gje elevane god moglegheit for plass på nærskulen og fritt skuleval i fylket.

- ✓ At det offentlege skal tilby fleire lærepllassar, og at anbodskrav knytt til lærlingar må handhevast og styrkast slik at alle lærlingar får læreplass.
- ✓ Gje undervisning i livsmeistring.
- ✓ Redusera prisen på kollektivtilboden og gje alle barneskuleborn gratis reiser med kollektiv.
- ✓ Styrka skulehelsetenesta for å redusere fråfallet, og ha tilsette på skulen med særskilt ansvar for skule- og elevmiljøet.
- ✓ Auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.

# Venstre sine kandidater i Stord.



## 1. **Geir Angelteit**

Bur i Studalen og arbeidar til dagleg som prosjektutviklar for Stord Folkehøgskule. Har vore kommunestyrerepresentant sidan 2011, sitt no i Formannsskapet og på fylkestinget. Geir brenn for nye arbeidsplassar, reint miljø og born og unge sine oppvekstvilkår.



## 2. **Camilla Elen Berg Larsen**

Bur på Bjelland, utdanna lærar og sjukepleiar. Gift, mor til 3. Jobbar som helsejukepleiar. Dyreelkar og hobby-birøktar.



## 3. **Kristin Steinsland**

Bur i Sagvåg og vår ungdomskandidat. Nyuttanna Elkraftingeniør og spesielt opptatt av ny grøn teknologi og arbeidsplassar til heimflyttarar.



## 4. **Kåre Løkhammer**

Bur på Hystad. Veteran på lista, tidlegare kommune- og formannsskapsmedlem i mange år. Pensjonert ingeniør frå Leirvik AS og aktiv i Leirvik mannskor.



## 5. **Chris-André Elvik**

Småbarnspappa og førstekonsulent i NAV. Bur i Lønningsåsen. Glad i idrett og fotball, og er aktivt engasjert i arbeidet med venskapsbyen Comalapa.

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på vår nettsida:

**Stord.venstre.no**

## 6. **Merete Johanne Fjellheim**,

Rektor Moster Skule

## 7. **Peggy Husevik Bærøy**,

Pensjonist

## 8. **Ove Steinsland**,

IT-gründer SoftwareControl

## 9. **Knut Eide Løkhammer**,

IT-leiar GroupM

## 10. **Helga Valvatne Strømme**,

Førstekonsulent NAV

## 11. **Kristian Notland Harnes**,

Møbelgründer NUEN

## 12. **Serina Ahmer Aslaksen**,

Veterinær Mattilsynet

## 13. **Trond Hjartåker**,

Ingeniør

## 14. **Svein Svendsen**,

Ingeniør

## 15. **Egil Olav Kjønnbog Espeland**,

Pensjonert, politi

## 16. **Harald Nes**,

Pensjonist, røykdykker Kværner og FN-soldat

## 17. **Else-Berit Helle**,

Pensjonert Sosionom

## 18. **Ståle Betten**, IT-service

## 19. **Jan Olav Aadland**, Ingeniør

## 20. **Bjørn Egil Solvoll**, Lærar

## 21. **Håkon Frode Særsten**,

Frilans



**VENSTRE**